

**Fra:** [Johann Roppen](#)  
**Til:**  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 32/2020, 18. SEPTEMBER  
**Dato:** fredag 18. september 2020 08:03:44

---

## **NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 32/2020, 18. SEPTEMBER**

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no).

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

## **FORSKINGS DAGANE 2020: UTDELING AV FOU-PRIS FOR 2020**

Det blir kraftig forenkla og digitaliserte Forskingsdagar ved Høgskulen i Volda 2020, men som vanleg opnar Forskingsdagane med utdeling av FoU-prisen for 2020. Det skjer fredag 18. september i eit korona-prega arrangement med avgrensa tal inviterte gjester men også med overføring på Zoom. [Følg med på utdelinga på lenke på nettsidene våre.](#)

## **REKORDMANGE STUDENTAR VED HØGSKULEN I VOLDA - IGJEN**

Også hausten 2020 ser det ut til at høgskulen igjen får rekordmange studentar. Hausten 2020 er det registrert ca 4.600 studentar ved høgskulen, mot 4.500 i fjor, som også var rekordår. Dei siste 20 åra har høgskulen fått stadig fleire studentar. I 2001 var talet på registrerte studentar 2.600 og i 2010 hadde høgskulen ca 3.400 studentar.

## **REKORDMANGE STUDENTAR VED HØGSKULEN (2) HAR VI FOR MANGE STUDENTAR?**

På førre møte i høgskulestyret vart opplegg for strategiseminar i oktober diskutert, og eitt av spørsmåla som skal drøftast er korleis studieporteføljen skal styrast i framtida. Sjølv om høgskulen har fått stadig fleire studentar dei siste fire åra held ikkje løyvingane tritt med studentveksten.

## **CAMPUSUTVIKLINGSPLANEN ER VEDTATT: "EIN HØGSKULE OPNAR SEG"**

Høgskulestyret har vedtatt den nye campusutviklingsplanen som har vore i arbeid i over eitt år. Styret var også nøgd med den nye planen. På nettsidene våre finn du [campusutviklingsplanen frå 2020 og frå 2015](#). 2015-planen var ein heilt nødvendig føresetnad for at mediehuset skulle kunne bli bygd. [Les forord og omtale av planen i rektorbloggeren.](#)

## **VAL PÅ NYE STYREMEDLEMMER FRÅ STUDENTANE**

Studentane har to representantar i høgskulestyret og frist for å nominere studentar er torsdag 17. september. Valperioden vert 1.-9. oktober. [Les meir om valet på nettsidene våre.](#)

## **STUDENTDEMOKRATIET: HER ER KANDIDATANE TIL STUDENTPARLAMENTET**

Studentane ved Høgskulen i Volda har frist fredag 18. september med å røyste på kandidatar til Studentparlamentet. [Her er alle dei 22 kandidatane.](#)

## **DIGITALE KARRIEREDAGAR 23.-24. SEPTEMBER**

Dei årlege karrieredagane har i 2020 også blitt digitale og blir arrangert 23. og 24. september. Mange andre stader blir karrieredagane heilt avlyst, så det er kjekt å kunne gje eit digitalt tilbod. Karrieredagane er retta mot 10. klassingar for å gje dei råd om utdannings- og yrkesval og er eit samarbeid mellom Høgskulen i Volda og sentrale aktørar frå utdanning, arbeidsliv, kommunar og organisasjonar. [Les meir på nettsidene våre.](#)

## **KURS I EKSAMEN- OG VURDERINGSVERKTØYET "INSPERA"**

Alle tilsette på høgskulen har fått e-post med invitasjon om å melde seg på nettkurs i bruk av Inspira. Kursa går i tida 23.-25. september og om ein ikkje kan følgje kurset direkte kan ein få tilgang til opptak etterpå. [Her er lenke til påmelding på kursa.](#)

### **HØGSKULEN ER ENGASJERT I SKAPARHUSET I ULSTEINVIK**

Høgskulen i Volda har vore med på starten av "Skaparhuset" i Ulsteinvik heilt frå starten av og var også representert på den offisielle opninga. 12.-15. oktober blir det ein lærarutdanningskonferanse i Skaparhuset med høgskulelektor [Synnøve Amdam](#) som ein nøkkelperson frå Høgskulen i Volda. [Les meir på nettsidene våre.](#)

### **SYKLA, SKATA OG KLATRA I HØGSKULEBIBLIOTEKET**

Studentar på Medieproduksjon ved Høgskulen i Volda har laga ein filmserie der biblioteket har vorte teke i bruk på litt nye måtar. Stikkord: Trappesykling, rapelling og skating - i biblioteket. Filmane er særleg lagt til rette for deling i sosial media, og det har fungert godt. – Vi ønsker å fokusere på hvordan vi kan gjøre biblioteket sexy for studentene. Vi har så mye å by, synes leder for biblioteket ved Høgskulen i Volda, Mona Iren Auganæs. [Les meir på nettsidene våre.](#)

### **PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!**

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert.

### **PUBLISERINGAR (2) ERIK FOOLADI HAR FÅTT PUBLISERINGSSTØTTE TIL PANDEMI-ARTIKKEL**

Høgskulen i Volda gjev [tilskot til publisering i tidsskrift som publiserer etter prinsippet om "open tilgang" \("open access"\)](#). Ordninga blir administrert av forskingsadministrasjonen og Erik Fooladi er ein av dei som har fått slik støtte til ein artikkel som faktisk handlar om pandemien:

Fooladi, E. C. (2020). *Between Education and Opinion-Making - Dialogue between Didactic/Didaktik Models from Science Education and Science Communication in the Times of a Pandemic. Science & Education.* <https://doi.org/10.1007/s11191-020-00156-0>.

### **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020**

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

10.9.2020: [Styremøte](#)

18.9.2020: [Forskningsdagane - Utdeling av FOU-prisen 2020](#)

18.9.2020: Fagdag om nynorsk skriftkultur, Aasen-tunet

23.9.2020: [Fagdag om skikkavurderingar i profesjonsutdanningane](#), Volda samfunnshus

23.-24.9.2020: [Karrieredagane](#) (digitalt)

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#)

22.10.2020: Personalseminar, AKF

23.10.2020: [Disputas Kim-Daniel Vattøy](#), NTNU

27.10.2020: Avdelingsseminar, ASH

28.-29.10.2020: [Utdanningsdagane](#) (digitalt)

28.-29.10.2020: [Styreseminar og styremøte](#)

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

12.11.2020: [Digital fagdag om nynorsk i lærarutdanninga](#), Nynorsksenteret

17.11.2020: Nettverkssamling Regional- og næringsavdelinga Møre og Romsdal fylkeskommune, Hotell Ivar Aasen

26.-27.11.2020: Personalseminar, AHL, Loen

10.12.2020: [Styremøte](#)

## **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

## **REKTORBLOGGEN**

["Ein høgskule opnar seg" - Campusutviklingsplan nr 2 \(16.9.2020\)](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

## **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)